

Møteinnkalling

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Fylkesutvalsalen 3. etg., Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5
Dato:	08.04.2015
Tid:	12:00 – 15:00

Dagsorden

kl. 12:00-15:00 Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast råd til folkevalde@hfk.no.

Denne innkallinga gjeld valde medleamar i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Varamedlemane får tilsendt saksdokumenta til orientering. Ved eventuelt forfall frå faste medleamar vil varamedleamar verta kalla inn særskilt.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland

Ellinor Kreybu
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 11/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 12/15	Godkjenning av sakliste		
PS 13/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 14/15	Referatsak (Meldingar)		
RS 8/15	Oversikt økonomi per 20.03.2015	2014/558	
RS 9/15	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr mars	2014/1527	
RS 10/15	Nordhordlandspakken - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 11/15	Informasjonsskriv - Kommunenes og fylkeskommunenes ansvar og oppgaver for rådet for personer med nedsatt funksjonsevne	2014/558	
RS 12/15	Melding om oppstart av arbeid med oversikt over folkehelsestilstanden i Hordaland - det fireårige oversiktsdokumentet og det løpande arbeidet	2015/976	
PS 15/15	Årsmelding 2014 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 16/15	Kompetanseheving om universell utforming i fylkeskommunen	2014/558	
PS 17/15	Studietur til Danmark	2014/558	
PS 18/15	Ymse		

PS 11/15 Godkjenning av møteinnkalling

PS 12/15 Godkjenning av sakliste

PS 13/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 14/15 Referatsak (Meldingar)

DRIFT pr. M A R S 2015

Revidert budsjett

R2/(1000 kr.)

Ansv.sted: 100320 Fylkesrådet for funksj.hemmaLeder:

Konto	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTL	AVVIK HITTIL	REGNSKAP I FJOR	ÅRS- BUDSJETT
-------	--------------------	-------------------	-----------------	--------------------	------------------

Kostn.sted : 10032000 - Fylkesrådet for funksjonshemma
Kostnader:

10630	Anna trekkpliktig løn				0
10800	Fast godtgjersle til politis		39	39	0
10810	Møtegodtgj. politisk arbeid				2
10820	Tapt arb.forteneste pol.arbe				3
10821	Tapt arb.fortenese pol.arb m				4
10990	Arbeidsgjevaravgift		5	5	4
11000	Budsjettfordeling		59	59	0
11600	Bilgodtgjersle, oppgåveplikt				1
11610	Kostgodtgjersle, oppgåveplik				1
11700	Reiseutgifter, ikkje oppgåve				1
14290	MVA utanfor mva-loven				0
SUM Kostnader:			104	104	16

Inntekter:

17290	Kompensert mva.				0
NTO. Fylkesrådet for funksjonshemma			104	104	16

Kostn.sted : 10032001 - R†dsm°ter
Kostnader:

10810	Møtegodtgj. politisk arbeid	3		-3	6
10820	Tapt arb.forteneste pol.arbe	4		-4	5
10821	Tapt arb.fortenese pol.arb m	3		-3	0
10990	Arbeidsgjevaravgift	3		-3	2
11150	Beverting/ Matvarer				2
11231	Møteutgifter				1
11401	Gåver				5
11600	Bilgodtgjersle, oppgåveplikt	1		-1	1
11610	Kostgodtgjersle, oppgåveplik	1		-1	1
11700	Reiseutgifter, ikkje oppgåve	1		-1	2
14290	MVA utanfor mva-loven				0
SUM Kostnader:		15		-15	24

Inntekter:

17290	Kompensert mva.				0
NTO. R†dsm°ter		15		-15	24

Kostn.sted : 10032002 - AU
Kostnader:

10820	Tapt arb.forteneste pol.arbe	1		-1	3
10990	Arbeidsgjevaravgift				0
11150	Beverting/ Matvarer				0
11600	Bilgodtgjersle, oppgåveplikt				0
11610	Kostgodtgjersle, oppgåveplik				0
11700	Reiseutgifter, ikkje oppgåve				0
14290	MVA utanfor mva-loven				0
SUM Kostnader:		2		-2	4

DRIFT pr. M A R S 2015

Revidert budsjett
R2/(1000 kr.)

Ansv.sted: 100320 Fylkesrådet for funksj.hemmaLeder:

Konto	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTL	AVVIK HITTIL	REGNSKAP I FJOR	ÅRS- BUDSJETT
-------	--------------------	-------------------	-----------------	--------------------	------------------

Inntekter:

17290 Kompensert mva.				0	
NTO. AU	2		-2	4	

Kostn.sted : 10032003 - Kurs og konferanser

Kostnader:

10820 Tapt arb.forteneste pol.arbe				1	
10990 Arbeidsgjevaravgift				0	
11500 Kurs / kompetanseheving	6		-6	0	
11600 Bilgodtgjersle, oppgaveplikt				0	
11700 Reiseutgifter, ikkje oppgave				5	
14290 MVA utanfor mva-loven				0	
SUM Kostnader:	6		-6	7	

Inntekter:

17290 Kompensert mva.				0	
NTO. Kurs og konferanser	6		-6	6	

Kostn.sted : 10032004 - Eigne arrangement

Kostnader:

10820 Tapt arb.forteneste pol.arbe				1	
10990 Arbeidsgjevaravgift				0	
11401 Gåver				3	
11610 Kostgodtgjersle, oppgaveplikt				0	
11700 Reiseutgifter, ikkje oppgave				2	
14290 MVA utanfor mva-loven				0	
SUM Kostnader:				6	

Inntekter:

17290 Kompensert mva.				0	
NTO. Eigne arrangement				6	
NTO DRIFT	22	104	81	56	400
NETTO Fylkesrådet for funksj.hemma	22	104	81	56	400

DRIFT pr. M A R S 2015

Ansv.sted: **SUMRAPPORTERING**

Leder:

Revidert budsjett

R2/(1000 kr.)


Konto	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTL	AVVIK HITTIL	REGNSKAP I FJOR	ÅRS- BUDSJETT
Kostnader:					
10630 Anna trekkpliktig løn				0	
10800 Fast godtgjersle til politis		39	39	0	145
10810 Møtegodtgj. politisk arbeid	3		-3	8	
10820 Tapt arb.forteneste pol.arbe	5		-5	13	
10821 Tapt arb.fortenese pol.arb m	3		-3	4	
10990 Arbeidsgjevaravgift	3	5	3	6	20
11000 Budsjettfordeling		59	59	0	235
11150 Bevertning/ Matvarer				2	
11231 Møteutgifter				1	
11401 Gåver				8	
11500 Kurs / kompetanseheving	6		-6	0	
11600 Bilgodtgjersle, oppgaveplikt	1		-1	3	
11610 Kostgodtgjersle, oppgaveplik	1		-1	2	
11700 Reiseutgifter, ikkje oppgave				9	
14290 MVA utanfor mva-loven				1	
SUM Kostnader:	23	104	81	57	400

Inntekter:

17290 Kompensert mva.				-1	
NTO DRIFT	22	104	81	56	400
NETTO SUMRAPPORTERING	22	104	81	56	400



SUMRAPPORTEN BESTÅR AV FØLGENDE HOVEDDATA

<u>Ansv.sted:</u>	<u>KOSTNADSAVVIK</u>	<u>INNTEKSAVVIK</u>	<u>NETTOAVVIK</u>
100320 Fylkesrådet for funksj.hemma	81	0	81 
	81	0	81



Notat

Dato: 06.03.2015
Arkivsak: 2014/1527-18
Saksbehandlar: hanrun

Til:	Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr mars

Tabellen under viser saker som administrasjonen arbeider med og som det er planen å leggja fram for politisk behandling i løpet av halvåret. Oversikten vert ajourført til kvart møte i fylkesutvalet, slik at saker som er ferdig behandla vert tatt ut av lista og nye kan koma til. For nokre saker er det så langt ikkje fastsett dato for når dei kjem til behandling.

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknader
Organisasjonsavdelinga							
Reviderte rutinar varsling				26.03			Adm.utval 25.03
Reviderte etiske retningslinjer					10.-11.03		
Revidert strategi IT-tryggleik				26.03			
Revidert beredskapsplan				18.-19.02.	10.-11.03		
Reviderte retningslinjer alkoholservering				26.03.			Adm.utval 25.03.
Løypemelding – Førubudd på framtida				26.03. 18.06.			Adm.utval 25.03. 17.06.
Eigarskapsforvaltning – styrerepresentasjon og kompetanse				18.-19.02.	10.-11.03.		
Økonomiavdelinga							
Finansrapport 2014				18.-19.02.	10.-11.03.		
Rekneskap 2014				19.05.	9.-10.06.		
Tertialrapport 1. tertial 2015				19.05	9.-10.06.		
Finansrapport 1.tertial 2015				19.05.	9.-10.06.		
Nye Voss gymnas - forprosjekt		12.05.		19.05.	9.-10.06		

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkes-utvalet	Fylkes-tinget	Sist endra	Merknader
Opplæringsavdelinga							
Organisering av Vaksenopplæringa		02.06.					
Disponering av fellesfond		14.-15.04		22.-23.04.			
Skulebygg som pedagogisk arkitektur		14.-15.04.		19.05.			
Oppfølging Skulebruksplanen		12.05.			9.-10.06.		
Lærlingplan og lærlingprognose		02.06.		18.06.			
Fagskulemelding		17.03.		26.03.			
Regionalavdelinga							
Kommunedelplan for Birkeland, Liland, Ådland og Espeland – Bergen - høyring	11.-12.02.					15.01.15	
Reguleringsplan for Mølleneset – Bergen kommune – vedtak om høyring	19.03.					06.02.15	
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger – vedtak om høyring	13.05.	12.05.	12.05.	19.05.		15.01.15	
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet – vedtak om høyring	04.06.	02.06.	03.06.	18.06.		15.01.15	
Regional planlegging – framdrift og fordeling av midlar				26.03.			
Reguleringsplan for bustadområde – Os kommune	19.03.						Atterhald
Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014	11.-12.02.					06.02.15	
Strategisk næringsplan for Bergensregionen (BRB)				26.03.15			
Mulighetsstudiet på Hjeltnes		12.05.		19.05.	9.-10.06.		
Sluttrapport LUK				29.10.			
Referatsak: Inspirasjonskonferansane				18.06.			
Referatsak: Næringshagar				26.03.			
Vaksdalspakken. 7 søknader om bygging av småkraftverk i Vaksdal og Voss	19.03.			26.03.		06.02.15	
Forvaltningsplan for vatn – Vassregion Hordaland med tiltaksprogram	13.05.			19.05.	9.-10.06	06.02.15	
Regionale næringsfond, fordeling av midlar				22.-23.04			
Samferdselsavdelinga							
Kollektivmeldinga			18.03.	26.03.	09.06.		
Innfartsparkeringsstrategi			11.02.	18.02.	10.03.		
Bymiljøavtalar			11.02.	18.02	10.03.		
Oppstartssak RTP			12.05.	19.05	09.06.		
Nye takstsoner			12.05.	19.05.	09.06.		

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkes-utvalet	Fylkes-tinget	Sist endra	Merknader
Høyring Aust-Vest utgreinga			15.04.	23.04.			
Kultur- og idrettsavdelinga							
Kunst og kulturprogram i skolen	19.03.						
Tilskot til vern og vøl av kulturminne	16.04.						
Tilskot til fartøyvern 2015	16.04.						
Prioritering av søknader om statleg medverknad til sikring av friluftsområde	19.03.			26.03.			
Tilskot til tiltak for barn og unge våren 2015	16.04.						
Tilskot til ålmenne kulturføremål våren 2015	16.04.						
Tilskot til kulturverntiltak	16.04.						
Investeringsstilskot til idrettsanlegg med regional verdi	13.05.			19.05.			
Tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge	13.05.						
Spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet	13.05						
Revidering av programområde – KUP	19.03.						
Fordeling av museumsplanmidlar 2015							
Handlingsprogram til Regional kulturplan	11.-12.02.			18.-19.03.	10.-11.03.		
Fordeling av tilskot til Friluftslivets år 2015	19.03.						
Disposisjon av tilskot til Sykkel VM-prosjekt folkehelse/sykkelmanar	16.04.						
Tilskot til friluftslivsaktivitet (kap 1420 post 78)	16.04.						
Tilskot til lokale friluftstiltak 2015	16.04.						
Tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde	13.05.						
Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar	04.06.						
Tilrettelegging av statleg sikra friluftsområder – post 78	16.04.						



Notat

Dato: 11.02.2015
Arkivsak: 2014/558-124
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Samferdselsavdelinga

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Nordhordlandspakken - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne mottok ei slik førespurnad frå Foreningen for Muskelsyke Hordaland/Sogn og Fjordane:

«Nordhordland får truleg ny bompengepakke om ikkje så lenge. Nordhordlandspakken. Om denne pakken går gjennom slik vi får det skissert i dag vil innbyggjarane i nordre og østre del av Lindås kommunen måtte betale for å komme til kommunesenteret Knarvik. Alle i kommunen må betale for å komme til Bergen, dette gjeld og for dei andre kommunane Meland, Radøy, Austrheim, Fedje, Masfjorden og all jennomgangstrafikk på E 39 og Fylkesvegen frå Mongstad/Leirvåg.

Kunne det vere ei oppgåve for foreninga å arbeide for at personar med gyldig parkeringskort for rørslehemma slepp gjennom bommen gratis slik det er i Bergen. Om foreninga ikkje kan ta på seg eit slikt arbeid kunne dei då videresende oppfordringa til NHF.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskja å spørje samferdselsavdelinga om korleis dette vert gjort i andre bompakkar? Og om det er mogleg å inkorporere i Nordhordlandspakka?

Harald Norheim
Fungerande leiar

Fra: Anders Eriksen (anders.eriksen@bufdir.no)

Sendt: 26.01.2015 14:51:41

Til: Anders Eriksen

Kopi:

Emne: Informasjonsskriv - Kommunenes og fylkeskommunenes ansvar og oppgaver for rådet for personer med nedsatt funksjonsevne

Vedlegg: Følg brev til informasjonsskriv.doc;Ansvar og oppgaver for RPNF.docx

Til landets kommuner og fylkeskommuner

Vedlagt oversendes informasjonsskriv fra Bufdir om kommunenes og fylkeskommunenes ansvar og oppgaver for rådet for personer med nedsatt funksjonsevne.

Med vennlig hilsen

Anders Eriksen

seniorrådgiver

Bufdir - Deltasenteret

Stensberggt. 27 Postboks 8113 Dep, 0032 Oslo

Telefon: 46 61 98 12

e-post: anders.eriksen@bufdir.no

Alle landets kommuner og fylkeskommuner

Deres ref:

Vår ref: 2013/71563-12

Arkivkode: 720

Dato: 14.01.2015

Oppnevning av nye råd for personer med nedsatt funksjonsevne høsten 2015

Barne-, ungdoms, og familiedirektoratet (Bufdir) har ansvar for å følge opp lov om råd eller annen representasjonsordning i kommuner og fylkeskommuner for menneske med nedsatt funksjonsevne, og gi informasjon og veiledning om rådernes arbeid.

Vedlagte informasjonsskriv er rettet mot ordfører/fylkesordfører, rådmann/fylkesrådmann og saksbehandlere. Vi ber om at følgebrevet og informasjonsskrivet også videresendes til rådet for personer med nedsatt funksjonsevne i kommunen/fylkeskommunen.

Høsten 2015 er det valg. Alle kommuner og fylkeskommuner skal da oppnevne nye råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne. Det er viktig at rådene kommer raskt på plass, at de får god opplæring og at de får nødvendige rammer for sitt virke.

Bufdir ønsker med vedlagte informasjonsskriv å orientere om den lovpålagte prosessen kommunene og fylkeskommunene må gjennom for å etablere rådene.

- Organisasjonene har forslagsrett ved oppnevning av nye rådsmedlemmer.
- Kommuneadministrasjonen og ansatte i fylkeskommunene anbefales ikke å være representert i rådene.
- Kommuner/fylkeskommuner bør passe på god aldersfordeling.
- Rådet bør få eget budsjett.
- Kommunestyret/fylkestinget vedtar mandat for rådet.
- Rådet trenger tilstrekkelige sekretærressurser fra kommunen/fylkeskommunen.
- Kommunen/fylkeskommunen må sørge for at rådet får nødvendig opplæring, gjerne gjennom deltakelse i folkevalgtopplæringen.

Vi viser forøvrig til rundskriv om [representasjonsordningen for mennesker med nedsatt funksjonsevne](#)

og vår temaside «[Råd for personer med nedsatt funksjonsevne](#)» .

Med hilsen

Mari Trommald (e.f)
direktør

Anna Bjørshol
avdelingsdirektør

Vedlegg: Kommunenes/fylkeskommunenes ansvar og oppgaver for rådet for personer med nedsatt funksjonsevne

Kopi: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
FFO
SAFO
KS

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikke håndskrevet signatur.

Kommunens og fylkeskommunens ansvar og oppgaver for rådet for personer med nedsatt funksjonsevne

Innledende kommentarer

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) har gitt Bufdir i oppdrag å følge opp lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsatt funksjonsevne og gi informasjon og veiledning om rådernes arbeid. Som en oppfølging av loven har BLD utarbeidet [Rundskriv Q -21/2012](#).

Bufdir har utarbeidet dette informasjonsskrivet til kommuner, fylkeskommuner og rådene. Informasjonsskrivet gir anbefalinger på enkelte områder som er vesentlig for rådernes arbeid.

Lovpålagt ordning

Det er lovfestet at alle kommuner skal ha et råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne eller annen likeverdig representasjonsordning, se [§ 2 i Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsatt funksjonsevne m.m.](#)

Organisasjonene har forslagsrett ved oppnevning av nye rådsmedlemmer

Ved oppnevning av nye råd høsten 2015 skal kommunene og fylkeskommunene innhente forslag på kandidater fra funksjonshemmedes organisasjoner. Funksjonshemmedes organisasjoner har en lovfestet rett til å medvirke på dette stadiet i arbeidet med oppnevning av nytt råd, se [lovens § 6 siste setning](#). Det er derfor viktig å starte arbeidet i god tid (våren 2015) slik at nye råd kan oppnevnes kort tid etter valget i 2015. Det bør oppnevnes representanter fra ulike organisasjoner i rådet. Kommuner og fylkeskommuner bør derfor sørge for å be om kandidater med ulike organisasjonstilknytning ved innhenting av navn på kandidater.

Aldersfordeling

I gjennomsnitt er 1 % av medlemmene i kommunale råd under 25 år. Nærmere halvparten av medlemmene er over 60 år (NIBR 2013¹). Dette kan være uheldig når rådene også skal behandle spørsmål knyttet til barn og ungdom.

Det viktig at rådene gjenspeiler befolkningens alderssammensetning. Det gjør rådene mer representative, og det har betydning for hvilke saker rådene arbeider med. Bufdir oppfordrer kommuner og fylkeskommuner til å oppnevne flere unge medlemmer til rådene høsten 2015. Ved innhenting av forslag på nye rådsmedlemmer fra funksjonshemmedes organisasjoner bør organisasjonene også oppfordres til å sende inn navn på kandidater som er under 30år.

Unngå kommuneadministrasjonen og ansatte i fylkeskommunene i rådene

Ansatte i kommuneadministrasjonen/fylkeskommunen bør ikke sitte som rådsmedlemmer.

Rådsmedlemmer ansatt i administrasjonen, og som arbeider med saker som er sentrale for rådet, vil kunne bli inhabile. Drøfting av saker og samarbeid for øvrig bør heller skje når administrasjonen forbereder saker som vil bli tatt opp til behandling i kommunestyret/fylkestinget. (Se [avsnitt 3.1 Formelle krav i rundskriv Q 21-12](#), hvor blant annet nødvendigheten av å ta hensyn til kommuneloven § 40 nr. 3 bokstav b er omtalt).

Sekretærfunksjonen

Kommuner og fylkeskommuner er pliktet til å stille tilstrekkelig sekretærressurs til rådighet for rådene. Omtrent halvparten av kommunale råd har en sekretærfunksjon som utgjør under 10 % av et årsverk (NIBR 2013). Bufdir mener at en stillingsressurs på under 10 % er knapt. Sekretærressursen må være i samsvar med de oppgaver rådet skal utføre. Det er også viktig at sekretæren har god faglig kompetanse til å bistå rådet på ulike saksområder. [Rundskriv Q-21/2012](#) anbefaler at sekretærfunksjonen knyttes til rådmannskontoret. Plassering ved rådmannskontoret vil være en sentral plassering som kan øke rådernes mulighet til å være bredt orientert og ta opp saker fra alle saksområder.

Rådet har rett til å uttale seg før kommunestyre/fylkesting oppretter sekretariat.

Mandat/retningslinjer for kommunale råd for personer med nedsatt funksjonsevne

Den enkelte kommune/fylkeskommune skal utarbeide mandat/retningslinjer for rådet. Loven fastslår at kommunestyret vedtar mandat for kommunale råd og fylkestinget for fylkeskommunale råd.

Mandatet bør klargjøre:

- Overordnet målsetting for rådets arbeid.
- Hvilke instanser rådet skal rådgi, dvs. i første rekke kommune/fylkeskommune.
- Saksområdet for rådet og hvilke typer saker kommunen/fylkeskommunen skal legge fram for rådet.

¹ [NIBR-notat 2014: 101: Råd, regler og representasjon](#) - Eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne

- Ansvarlig for sekretariatsfunksjonen og hvilke oppgaver som skal utføres av sekretariatet.

Kommunestyre og fylkesting bør vurdere å ta inn rutiner og anbefalinger for samhandling mellom rådet og kommunen/fylkeskommunen i mandatet.

Budsjett

Alle kommuner og fylkeskommuner bør vedta eget budsjett for rådet. Med et eget årsbudsjett vil rådene i større grad kunne planlegge sin virksomhet og aktiviteter det enkelte år.

Rådet har rett til å uttale seg før kommunestyre/fylkesting vedtar rådets budsjett (se § 7 [Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.](#) hvor slike administrative forhold er omtalt). Det bør avsettes tilstrekkelig med midler slik at rådet kan utføre de oppgaver som er forutsatt i loven. Rådernes budsjett bør bl.a. inneholde poster for møtegodtgjøring, dekning av tapt arbeidsfortjeneste for rådsmedlemmer, arrangement/deltakelse på seminarer og post for opplæring av rådets medlemmer. Størrelsen på møtegodtgjørelse står kommunen/fylkeskommunen fritt til å fastsette.

Opplæring/kompetanse

Kommuner og fylkeskommuner bør sørge for å inkludere rådene i folkevalgtopplæringen. Folkevalgtopplæringen gir bl.a. innblikk i det politiske oppdraget, sammensetning av kommunale og fylkeskommunale organer, forholdet mellom folkevalgte og administrasjonen og kommunale og fylkeskommunale styringsinstrumenter. Rådsmedlemmene trenger også denne kunnskapen for å gi råd til kommuner og fylkeskommuner i saker som er viktig for personer med nedsatt funksjonsevne. Folkevalgtopplæringen foregår gjerne like etter kommune-/fylkestingsvalg, og det er derfor viktig at rådene oppnevnes raskt etter valget slik at de kan delta i opplæringen.

I tillegg trenger rådene kunnskap på ulike fagområder. F.eks. har Direktoratet for byggkvalitet utviklet et [opplæringsverktøy for medvirkning i universell utforming innenfor plan- og bygningslovens virkeområde](#) som kan egne seg for selvstudium når det gjelder rådernes arbeid på dette saksfeltet.

Hvilke saker kan rådene arbeide med?

Rådene bør i størst mulig grad ivareta hele bredden i sine rådgivingsoppgaver. Det betyr å uttale seg i saker innen blant annet:

- universell utforming, spesielt plansaker
- tjenester for personer med nedsatt funksjonsevne inkludert tjenester for mennesker med utviklingshemming
- arbeid mot diskriminering

Kommunen/fylkeskommunen må derfor sørge for at rådene får alle saker som kan ha betydning for personer med nedsatt funksjonsevne på et tidlig tidspunkt i saksbehandlingen.

Kan rådene ta opp saker på eget initiativ?

Kommuner og fylkeskommuner bør oppfordre rådene til å ta egne initiativ. Det følger av Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne at rådet kan ta opp saker av eget initiativ.

Kontakt med rådene på nett

Kommuner/fylkeskommuner bør legge ut informasjon om rådene på kommunens/fylkeskommunens nettside. Mange kommuner/fylkeskommuner har et temaområde som heter «Politikk» med et undertema om utvalg og nemnder og som rådene legges inn under. Dette er en gunstig måte å gjøre det på. Når en klikker på «Utvalg og nemnder» bør en komme videre til et eget område for kommunens/fylkeskommunens råd for personer med nedsatt funksjonsevne.

Aktuell informasjon på nett kan være:

- rådets medlemmer, opplysning om hvem som er leder og nestleder og kontaktinformasjon
- rådets mandat, eventuell virksomhetsplan og årsmelding
- kort informasjon om de viktigste saker rådet arbeider med

Det bør også etableres en personuavhengig e-postadresse for rådssekretærfunksjonen. Det vil da bli unødvendig å oppdatere adressen ved skifte av sekretær, noe som vil gjøre det lettere å få kontakt med sekretæren. Et eksempel på personuavhengig adresse er raadfunksekr@kommune.no.

Kommunen/fylkeskommunen bør også legge ut sakspapirene til rådets møter på samme måte som for møter i andre råd og utvalg. Vi minner om at sakspapirer og annen informasjon må publiseres i formater som er tilgjengelig for alle, fortrinnsvis HTML.



Notat

Dato: 28.01.2015
Arkivsak: 2015/976-3
Saksbehandlar: ainhaug

Til:	Fylkeseldrerådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdommens fylkesutval
Frå:	Regionalavdelinga

Melding om oppstart av arbeid med oversikt over folkehelsestilstanden i Hordaland - det fireårige oversiktsdokumentet og det løpande arbeidet

Samandrag

Gjennom Folkehelselova er fylkeskommunen og kommunane pålagde å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga og positive og negative faktorar som kan verke inn på denne. Oversikt over fordeling av helse i befolkninga er ein av fire hovudpilarar for folkehelsearbeidet og vil vere eit viktig fundament både for å sette i verk tiltak og for framtidig planlegging. Arbeidet vil bidra til at viktige delmål i Tema 1 i Regional plan for folkehelse blir oppnådd. Dette er eit temaområde som er gjennomgåande for alle dei andre temaområda. Dermed vil arbeidet som no blir lagt ned danne eit viktig grunnlag for veldig mykje av det vidare folkehelsearbeidet i organisasjonen.

Kravet til oversikt er todelt. Det inneber på den eine sida å arbeide fram eit skriftleg dokument der forhold i fylket blir vurdert med omsyn til årsakssamanhengar og konsekvensar for folkehelsa. Dette dokumentet skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategi. Det er stor breidde i temaområda som skal dekkast, noko som inneber at alle avdelingar i organisasjonen vil bli involvert i dette arbeidet. Arbeidet vil bli organisert som prosjekt der ansvaret for gjennomføringa er lagt til Regionalavdelinga. Vidare ligg det i kravet til oversikt at fylkeskommunen skal ha løpande oversikt over utviklinga. Det skal utarbeidast faste rutinar for overvaking, rapportering og ansvar for å sette i verk tiltak.

Bakgrunn

Gjennom dette notatet vil Fylkesrådmannen presentere formål, prinsipielle sider og faglege vurderingar knytt til gjennomføring av arbeidet med å skaffe oversikt over folkehelseutfordringar i Hordaland. Notatet byggjer på Lov om folkehelsearbeid med tilhøyrande forskrift, og på Helsedirektoratet sin rettleiar for arbeidet.

Fylkeskommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel som fylkeskommunen er tillagt. Dette skal skje gjennom regional utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting og tiltak som kan møte fylket sine folkehelseutfordringar. Fylkeskommunen skal vere pådrivar for og samordne folkehelsearbeidet i fylket, til dømes gjennom partnerskap.

Folkehelsearbeidet skal vere

- Kunnskapsbasert. Arbeidet skal bygge på kunnskap om faktiske ressursar og folkehelseutfordringar.
- Systematisk. Utfordringar og ressursar skal vere tydeleg definerte og vere grunnlag for planlegging og for tiltak. Arbeidet skal gå føre seg planmessig, og ikkje tilfeldig.
- Samordnande. For å sikre eit heilskapleg bilete og for å sikre effektiv ressursutnytting.

Ansvar for å ta i vare krava til folkehelse ligg til heile organisasjonen, med Fylkesrådmannen som øvste ansvarlege. Dette kan ikkje delegerast. Folkehelsearbeidet blir utført i kvar avdeling, mens ansvaret for utvikling og koordinering av folkehelsearbeidet er organisert i Regionalavdelinga.

Lovkravet om å ha oversikt er delt i to. Kwart fjerde år skal det utarbeidast eit større, skriftleg dokument. Vidare er det krav om å ha løpande oversikt over folkehelseutfordringar som del av dagleg drift. Det løpande og det fireårige oversiktsarbeidet heng saman. Til slutt er det krav om samarbeid med kommunane i oversiktsarbeidet.

Det fireårige oversiktsdokumentet

Hordaland fylkeskommune vil gjennom eit oversiktsdokument kvart fjerde år få eit godt grunnlag for det langsiktige folkehelsearbeidet. Det er eit lovkrav at oversikta skal inngå som eit grunnlag for arbeidet med fylkeskommunen sin planstrategi. Gjennom dette kravet blir Folkehelselova knytt saman med Plan- og bygningslova, noko som styrker samfunnsutviklingsperspektivet i arbeidet.

Fylkeskommunen vil gjennom arbeidet identifisere positive og negative faktorar som kan verke inn på folkehelseutfordringane i fylket. Oversikta skal innehalde faglege vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar, samt identifisere ressursar og folkehelseutfordringar lokalt og regionalt. Det vil bli lagt særleg merksemd på trekk ved utviklinga som kan skape eller halde ved like sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseforskjellar. Informasjonen skal gjerast eigna til å kunne identifisere fylkeskommunen sine folkehelseutfordringar og ressursar, slik at vedtak kan fattast. Dette kan bety å sette i verk tiltak, fastsette mål, justere planar, utarbeide nye planar, eller å knytte folkehelsearbeidet opp mot den langsiktige samfunnsutviklinga. Det er eit administrativt ansvar å utarbeide oversikta. Dette for å sikre at dei *vurderingane* som blir gjort og dei konklusjonane som blir trekte, er uavhengige av politiske prioriteringar. På same måte skal ikkje økonomiske rammer eller avgrensingar påverke vurderingsarbeidet.

Rettleiaren for arbeidet peikar på at det er naturleg at fylkeskommunen si oversikt blir relatert til regionalt utviklingsarbeid, overordna regionale strategiar og planar, i tillegg til dei teneste- og ansvarsområde som ligg til fylkeskommunen. Det fireårige oversiktsdokumentet skal vere skriftleg og gjerast tilgjengeleg også utanfor organisasjonen.

Det løpande oversiktsarbeidet

Det er også lovkrav om å etablere gode system for eit løpande oversiktsarbeid. Føremålet er at oversikta skal vere grunnlag for avgjersler i det daglege folkehelsearbeidet. Kva som skal dokumenterast og i kva for form det skal skje vil vere del av fylkeskommunen si løpande vurdering og vil følgje av den generelle verksemdsstyringa.

Krav om samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane

Fylkesrådmannen vil leggje til rette for ei jamleg informasjonsutveksling mellom fylkeskommunen og kommunane innan dette arbeidet. Rettleiaren frå Helsedirektoratet gjer det tydeleg at det er forventning om at fylkeskommunen i kraft av rolla som understøttar også har ein viss oversikt over kva for ressursar kommunane har, og behovet for støtte. Fylkeskommunen har frå før eit rettleingsansvar m.a. når det gjeld kommuneplanarbeidet.

Organisering i Hordaland fylkeskommune

Dette er oppgåver som ikkje har blitt gjennomført i Hordaland fylkeskommune tidlegare. Fylkesrådmannen vil derfor ha fokus på å etablere rutinar for både det løpande og det fireårige oversiktsarbeidet, og for kommunesamarbeid. Det første steget er å gjennomføre ei kartlegging av verksemda. Målet er å få oversikt over verkemiddel og ressurspersonar og å hente inn tilgjengeleg kunnskap. Ei slik kartlegging vil danne grunnlaget for å kunne planlegge og gjennomføre oversiktsarbeidet på ein god måte. Så snart kartlegginga er gjennomført, vil prosessen med å utarbeide det fireårige oversiktsdokumentet starte.

Arbeidet vil bli organisert som eit prosjekt med Fylkesrådmannen si toppleiargruppe som styringsgruppe. Sidan arbeidet med både folkehelse og planstrategi er knytt til Regionalavdelinga, vil Fylkesdirektør for regional utvikling få eit særskilt ansvar for gjennomføring av arbeidet. Det er likevel avgjerande både for kvalitet og for vidare oppfølging at alle avdelingane er medeigarar av produktet.

TIDSPLAN

Det er mål om ferdigstilling av oversiktsdokumentet i første halvår av 2015, slik at det er ferdig i god tid før fylkestingalet til hausten og oppstart av arbeidet med ny planstrategi. Fylkesrådmannen har fastsett følgjande tidsplan:

Jan-feb.	Kartlegging i avdelingane
Mars	Etablering av prosjekt og oppstart arbeid med fireårig oversiktsdokument
Juni	Ferdigstilling av oversiktsdokument
August	Oppstart av arbeid med å etablere rutinar for løpande oversikt



Arkivnr: 2014/558-116

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	7/15	04.02.2015
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	15/15	08.04.2015

Årsmelding 2014 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok at eit utkast til årsmelding skal presenterast på første rådsmøte i 2015, som vil vere eit arbeidsmøte. Frist for innlevering av årsmelding er fylkestinget i juni.

Arbeidsutvalet følgjer opp avgjerda i tidlegare møte om at leiar og nestleiar koordinerer arbeidet med utkastet fram mot rådsmøtet saman, og vil presentere utkastet i rådsmøtet.

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv ferdig årsmeldinga i møtet og vedtek teksta slik den vert utarbeida. Administrasjonen får fullmakt til å ordne med lay-out.

Endeleg årsmelding 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert sett opp som politisk sak til neste rådsmøte.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å utsette saka til neste møte. Arbeidsutvalet vert bedt om å jobbe med saka fram mot det, og at eit råutkast vert sendt ut til alle medlemmane. Viktig å synleggjere prosessen ved synfaringar og dei konsekvensane det har for resultatet, og kva rådet har fokusert på i 2014.

Birte Markeseth Aasen
Seksjonsleiar

Ingeborg Borgen Takle
Rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2014/558-127
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	16/15	08.04.2015

Kompetanseheving om universell utforming i fylkeskommunen

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjorde slikt vedtak i møtet 04.02.2015:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til å samarbeide med administrasjonen om eit kompetansehevingsarrangement om universell utforming, samt å bidra finansielt til kostnader med innleiar.

Rådet ønskjer at målgruppa skal vere tilsette i fylkeskommunen som har universell utforming innanfor sitt arbeidsområde, men som ikkje jobbar så mykje med det.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å utsette saka til neste møte og ber administrasjonen kome med noko meir konkret til den tid.»

Referat frå eit kort møte med Ragnhild Aak Skajaa som førebuing til planlegging av arrangementet:

«Vi vart einige om at det nok er ei trong for ein generell økt for rektorar, tannklinikksjefar og sakshandsamarar på huset. Angående sistnemnde er det ein fordel om det gjeld sakshandsamarar som ikkje har UU som eit hovudområde, men som må ta slike omsyn i jobben sin. Om du ikkje gjer det heile tida er det lettare å gløyme. Fokus her bør vere på regelverk, lovar, HFK si rolle og forventning, og vi meiner vi bør forsøkje å få fylkesrådmannen til å opne ballet slik at vi visar at det er forankra på høgaste hald.

I tillegg føreslår vi ein halv dag for rektorane og ein halv dag for tannklinikksjefane der fokuset kan vere meir spesifikt og praktisk til deira områder.

RMNF bør vere der og seie nokre ord om korleis dei kan bistå. Det bør og vere litt fokus på dei ulike planane som HFK har og som har fokus på UU, til eksempel folkehelseplanen.»

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Janne Værnø
leiar

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2014/558-126
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	17/15	08.04.2015

Studietur til Danmark

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjorde slikt vedtak på møtet 04.02.2015:
«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vurderer ein studietur i veke 18. Det er føreslått ein tur over to dagar der Handikappedes hus i Danmark er eit aktuelt reisemål. Elles ser rådet at det kan vere aktuelt med synfaringar på samferdsel og kaier/ferjer. Dette vert ein sak på neste rådsmøte.»

Administrasjonen har vore i kontakt med Handicaporganisastionernes hus i Taastrup, København. Under ser de svaret:

"Jeg har fået videresendt din henvendelse vedr. rundvisning i Handicaporganisationernes Hus ved månedsskiftet april/maj. Det er mig som besvarer mailen fordi jeg sædvanligvis er den der foretager rundvisningerne i Huset.

En rundvisning varer ca. 2 timer og indeholder et foredrag om visionerne, tankerne og processen bag huset og så selve rundvisningen. En rundvisning koster 1.000 dkr uden moms. Hvis i sender mig jeres virksomhedsnummer så behøver der ikke komme moms på.

Du må meget gerne foreslå 1 eller 2 konkrete tidspunkter, hvor i ønsker rundvisningen – så skal vi nok få det til at passe.

Jeg er ikke bekendt med, at vi i Københavnsområdet har færge-/kajanlæg, hvor der er en gennemarbejdet tilgængelighed, der er værd at besøge – desværre."

Svaret er sendt til arbeidsutvalet. Førespurnad om tips til andre universell utforming-prosjekt er sendt til Danske handicapforbundet.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Janne Værnø
leiar

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

PS 18/15 Ymse